

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
010/2017	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	18.05.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Mette Fauskanger	16/2141	17/6057

Høyring - lokal forskrift helse- og omstorgstenester

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Stortinget vedtok 13. juni 2016 endring i [Pasient- og brukerrettighetslov](#) samt i [Helse- og omsorgstenestelov](#) om rett til langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgntenester. Kommunen er her pålagt å utarbeide kommunale kriterie for tildeling av nemnde type opphald, samt tildeling av plass på venteliste. Det skal utformast kommunal forskrift med iverksetting frå og med 01.07.2017.

Regjeringa vil innføre nasjonale kriterier for langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad. Hensikta er mellom anna å bidra til at tildelingsprosess i kommunane vert meir forutsigbar og open. Nasjonale kriterier er tenkt iverksett etter evaluering av forsøksordning med statleg finansiering av omsorgstenesta, samt at ein har fått erfaringar frå kommunale forskrifter.

Fram til nasjonale kriterier er vedtatt må den einskilde kommune utforme lokal forskrift med kriterier for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad. Kommunen skal føre ventelister over pasienter som venter på kommunal langtids plass, og regulere korleis kommunen skal sikre forsvarleg oppfølging av dei pasientane som står på venteliste. Plikt til å utarbeide kommunale kriterier vert avgrensa til langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgntenester.

[Forvaltningslova](#) kapittel VII omtaler formalkrav ved etablering av kommunal forskrift. Forvaltningsorganet skal sjå til at saka er så godt opplyst som mogleg før vedtak vert å treffa, jamfør

Forvaltningslov § 37: «*Offentlige og private insititusjoner og organisasjoner for de erverv, fag eller interessegrupper som forskriftene skal gjelde eller gjelder for eller viss interesser særlig berøres, skal gis anledning til å uttale seg før forskriften blir utferdiget, endret eller opphevet. Så langt det trengst for å få saken allsidig opplyst, skal uttalelse også søkes innhentet fra andre.*

Forvaltningsorganet bestemmer på hvilken måte forhåndsvarslingen skal foregå og kan sette frist for å gi uttalelse... Uttalelser skal gis skriftlig. Forvaltningsorganet kan i den enkelte sak samtykke i at uttalelse kan gis muntlig. Når saken egner seg for det, kan forvaltningsorganet bestemme at forhandlinger om saken skal foregå i møte»

Når det gjeld formkrav og kunngjering viser ein til Forvaltningslov § 38: «En forskrift skal inneholde:

En uttrykkelig henvisning til den eller de bestemmelser som gir forvaltningsorganet hjemmel til å utferdige forskriften, og en henvisning i samsvar med EØS-høringslov §12 viss forskriften inneholder tekniske regler i henhold til nevnte lov

*nevne det forvaltningsorgan som har gitt forskriften
kunngjøres i Norsk Lovtidende
i kunngjøringen betegnes som forskrift*

Når praktiske hensyn gjør det hensiktsmessig, kan kunngjøringen avgrenses til en kort omtale av forskriften med opplysning om hvor teksten kan fåes eller finnes.»

Vurdering

Kommunen har ansvaret for å sørge for kommunale helse- og omsorgstenester, og det er ei føremon at tildelingsprosessar for enkeltvedtak er kjent og forutsigbar. Kommunal forskrift om rett til langtidsopphald skal gje tryggleik for at den einskilde sine tenestebehov vert sett og vurdert, samt at tilbod om langtids plass i sjukeheim eller tilsvarande bustad er tilgjengeleg når behov oppstår.

Tenestemottakar skal ha krav på naudsynte og forsvarlege tenester uavhengig om ein står på ei venteliste eller ikkje. Vidare skal sakshandsaming følgje forvaltningslova sine reglar, samt dei krav som gjeld om klage som følgjer av pasient- og brukarrettigheitslov.

Rådmannen har etablert administrativ arbeidsgruppe for å utarbeide framlegg til kommunal forskrift.

Arbeidsgruppa har utforma framlegg om kommunal forskrift som i hovudsak ikkje avviker frå gjeldande praksis om lågaste effektive omsorgsnivå ved tildeling av tenester og ressursinnsats. I tillegg legg ein til grunn målsetting som seier at omsorgstenester skal ytast i eigen heim så lenge den einskilde ønskjer det og det er fagleg forsvarleg.

I høve til formalkrav ved etablering av kommunal forskrift vurderer rådmann at det er føremålstenleg at formannskapet fattar vedtak om at framlegg til kommunal forskrift vert å sende på høyring. Etter avslutta høyringsperiode vil formannskapet handsame saka, og vurdere eventuelle merknader før saka går vidare for endeleg handsaming i kommunestyret i juni.

Konklusjon

Rådmannen rår til at framlegg til kommunal forskrift om rett til langtidsopphald ved sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgntenester i Radøy kommune vert lagt ut på høyring.

Framlegg til kommunal forskrift, med eventuelle merknader, skal handsamast på ny i formannskapet 01.06.17. Endeleg godkjenning av kommunal forskrift skal handsamast i kommunestyret 15.06.2017.»

Rådmann sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner at framlegg til «Forskrift om rett til langtidsopphald ved sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgntenester i Radøy kommune – kriterier og venteliste» vert lagt ut på høyring.

Høyringsfrist vert sett til 26. mai 2017.

Formannskapet i Radøy - 028/2017

FS - handsaming:

FS - vedtak:

Formannskapet godkjenner at framlegg til «Forskrift om rett til langtidsopphald ved sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgntenester i Radøy kommune – kriterier og venteliste» vert lagt ut på høyring.

Høyringsfrist vert sett til 26. mai 2017.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne gjer framlegg om å vedta forskrifta slik den ligg føre.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 010/2017

RMNF - handsaming:

Kommuneoverlege Grethe Fosse og kommunalsjef helse og omsorg, Mette Fauskanger, orienterte om forslag til forskrift og svara på spørsmål.

Forskrifta skal sikra kriterier for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad, særskild tilrettelagt for heildøgns helse- og omsorgstenester.

Forskrifta skal også sikra korleis Radøy kommune skal følgja opp og ivareta pasient og brukar som står på venteliste til langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad.

Det er Inntaknemnda i Radøy som forvaltar forskrifta, og sikrar at dei med størst behov får tenester først og sikrar tildeling av forsvarlege helse- og omsorgstenester når det gjeld langtidsopphald i sjukeheim eller alternativt bu- og tenestetilbod.

Om ein person som har behov, men ikkje ønskjer sjukeheimplass, har vedkomande rett på tilsvarande hjelp i heimen. Kommuneoverlegen sa at det er sjeldan det skjer overprøving av pasienten sin vilje.

Kommunalsjefen informerte om at det er ulike ordningar som kan takast i bruk for å leggja dei fysiske forholda til rette for at pasienten kan bli buande heime.

Forskrifta legg opp til at dei som søker om sjukeheimplass, får plass etter bestemte kriterier. Dei som ikkje får plass, blir sett på venteliste. Dette er ei venteliste som kontinuerleg blir vurdert ut frå situasjonen og hjelpebehovet den enkelte er i. Medlemmer i råda understreka at det må vera ei forsvarleg oppfølging av dei som står på venteliste.

Grethe Fosse, som er leiar i inntaksnemnda, forsikra at det er gode rutinar for ei grundig oppfølging av dei som står på venteliste, mellom anna gjennom eit godt samarbeid med heimesjukepleia. Inntaksnemnda har fokus på at endra behov vert sett og vurdert, slik at langtidsplass eller tilsvarande bustad er tilgjengeleg når behov oppstår.

Råda drøfta også om pårørande bør bli drege sterkare inn i vurderinga av behovet for sjukeheims plass. Det vart også peika på behovet for å få ut meir informasjon om aktuelle tilbod i heimen, som gjer at dei eldre kan bu lenger heime. Dette er informasjon som bør rettast inn mot t.d. aldersgruppa frå 75+.

Rådsmedlemmene gav også klart uttrykk for at "alder" ikkje må stå som eit sjølvstendig kriterium i vurderinga av sjukeheims plass.

Det vart sett fram følgjande endringsframlegg:

Lokal forskrift for langtidsopphald i sjukeheim og tilsvarande bustad, vert godkjend med følgjande tillegg:

Rutinar for internkontroll i inntaksnemnda må oppgraderast i samband med handsaming av lokal forskrift for langtidsopphald i sjukeheim mm. «Alder» må ikkje stå som eit sjølvstendig kriterium for inntaks-vurdering, men det er naturleg at «alder» er eitt av fleire kriterium som blir vurdert i samanheng.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og eldrerådet godkjende framlegg sett fram i møtet.

RMNF - vedtak:

Lokal forskrift for langtidsopphald i sjukeheim og tilsvarande bustad, vert godkjend med følgjande tillegg:

Rutinar for internkontroll i inntaksnemnda må oppgraderast i samband med handsaming av lokal forskrift for langtidsopphald i sjukeheim mm. «Alder» må ikkje stå som eit sjølvstendig kriterium for inntaks-vurdering, men det er naturleg at «alder» er eitt av fleire kriterium som blir vurdert i samanheng.

Vedlegg:

Høyringsnotat til Forskrift om rett til langtidso (121456)

Forskift om rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særleg tilrettelagt for heildøgns tenester